

Lånereglement for Fjell folkeboksamling, Sund folkebibliotek og Øygarden bibliotek

Velkomen som lånar ved biblioteka i Fjell, sund og Øygarden !

Lånerett

Alle har rett til å bruka folkebiblioteka sine samlingar og tenester.
Utlån og bruk skal vera gratis for lånar.
Biblioteka tek betalt for utskrifter og kopiar.

Ein kan få lånekort ved å leggja fram godkjent legitimasjon.
Born kan få lånekort frå 1. klasse. Lånar under 15 år må ha underskrift fra føresette.

Biblioteket må få melding om adresseendringar og tapte lånekort.
Kortet skal visast fram ved lån og ved bruk av internett.

Lånetid

Vanleg lånetid er :

For video og cd-rom	1 veke
For språkkurs	8 veker
For bøker, lydbøker, musikk og tidsskriftet	4 veker

Video og CD-ROM er merka med tilrådde aldersgrenser. Lånaren Har ansvar for at desse vert haldne. Biblioteket er ikkje ansvarleg dersom lånt materiale fører til skade på avspelingsutstyr. Elles blir lån av video regulert av dei gjeldane reglane ved det einskilde bibliotek.

Lån kan fornyast dersom det ikkje er venteliste.
Biblioteket har rett til å korte ned lånetida for nye bøker med 14 dagar.

Reservering.

Bøker og anna materiale som er utlånt kan reserverast. Du får melding i posten Når materialet kan hentast. Det må hentast innan ei veke.

Lån frå andre bibliotek

Bøker som ikkje er i samlinga vår, kan som regel tingast inn frå andre bibliotek. Dette gjeld ikkje pensumlitteratur for studentar ved høgskular og universitet. Via internett har vi tilgang til utenlandske bibliotek sine databaser og samlingar. Ta gjerne kontakt med biblioteket ei tid før du treng litteraturen.

Lånarens plikter

Det du låner, er du ansvarleg for. Tapt eller øydelagt materiale må erstattast. Spesielt vil vi be deg passe lånetida, slik at andre kan få høve til å lesa bøkene/nytta materialet.

Dersom du ikkje passar lånetida, må du betala gebyr fastsett ved det einskilde bibliotek. 3 varsel før rekning (erstatningskrav)